

Strategisk plan for LLE 2016–2022

Vedteken av instituttrådet 26.01.2017

0 Om dette dokumentet

Den strategiske planen for LLE er forankra i den strategiske planen for Det humanistiske fakultet 2016–2022 og gjeld perioden til og med 2022.

I Kva er LLE i 2016?

LLE er eit institutt med mange fag og program. Fagporteføljen består av allmenn litteraturvitskap, digital kultur, klassiske fag, kunsthistorie, lingvistiske fag, nordisk språk og litteratur og teatervitskap. Korleis litteratur, språk og estetikk skaper og blir skapt av kultur, historie, samfunn og identitet, er viktige spørsmål for studentar og forskarar på instituttet.

Den strategiske planen for Det humanistiske fakultet set opp fire overordna mål:

- 1) kvalitet i forskning, kunstnarleg utviklingsarbeid og utdanning, 2) tverrfagleg forskning og utdanning, 3) internasjonalisering og 4) synlegheit og deltaking i samfunnet.

Instituttet deler og er forplikta på desse måla og dei sentrale kjerneverdiane for fakultetet:

Forskinga ved fakultetet skal vere fagleg autonom, grundig, ærleg og kritisk open. Faga ved fakultetet skal ta ansvar for og bidra til at forskinga ved universitetet held høg etisk standard og syner tydeleg samfunnsansvar.

II LLE fremmar internasjonalisering

Internasjonalisering er ein integrert del av all verksemd ved LLE. Forsking og utdanning ved LLE har ein internasjonal profil i alle ledd. Internasjonal kontakt gjennom rekruttering av internasjonale studentar, kandidatar og vitskapleg tilsette, og utveksling av studentar, tilsette og samarbeidspartnarar, er avgjerande for studium og forskning på litteratur, språk og estetikk på alle nivå.

Anten det blir studert ut frå litterære, estetiske eller lingvistiske innfallsvinklar, er norsk språk, internasjonal språkkompetanse og parallellspråklege tilnærmingar viktige tema for LLE i forskning, utdanning og formidling. LLE tar ansvar for å stimulere til språkpolitisk debatt og drive ein språkpolitisk praksis som er i samsvar med den offisielle norske språkpolitikken for universitets- og høgskulesektoren.

III Hovudutfordringar og overordna intensjonar

LLE vil gjennomføre undervisning, forskning, forskarutdanning og formidling av høg internasjonal kvalitet.

LLE vil ta vare på den faglege breidda og kombinere fagleg styrke med tverrfaglege samarbeidsformer.

LLE vil kommunisere dei faglege aktivitetane i fruktbart samarbeid med samfunnet gjennom formidling og anna utoverretta arbeid.

LLEs ulike fagmiljø vil vere sentrale møteplassar for å utvikle godt arbeidsmiljø, gode relasjonar mellom studentar og tilsette og dermed eit godt læringsmiljø.

LLE vil verne om forskingstida for dei vitenskapleg tilsette.

LLE vil arbeide for å sikre studieprogram og faggrupper ei forsvarleg bemanning

LLE vil ta eit heilskapleg ansvar for forvaltning av fagporteføljen for å sikre det faglege mangfaldet ved instituttet.

Med basis i grunnforskninga ved instituttet vil LLE skape ein kultur for prosjektutvikling og prosjektinnhenting frå eksterne kjelder.

LLE vil halde fram med å tilby ei forskarutdanning av høg kvalitet som sikrar kandidatane fagleg utvikling.

LLE vil systematisk synleggjere arbeidslivsrelevansen av utdanningane ved instituttet frå bachelor til doktorgrad.

LLE vil kontinuerleg vidareutvikle ein styringsstruktur som fremmar deltaking og medverknad på tvers av fag- og stillingsgrenser.

IV Konkrete mål

a) Forsking

- *Mål: oppretthalde og vidareutvikle forskning av høg kvalitet*

LLE legg til rette for at både enkeltforskarar og grupper av forskarar kan utvikle gode forskingsprosjekt som det er mogeleg å gjennomføre innanfor ei planlagd tidsramme.

Forskargruppene ved LLE har ei formålstenleg organisering og sentral status i prosjektinnhenting og prosjektgjennomføring. Instituttet oppmuntrar til tverrfagleg forskningssamarbeid.

LLEs vitenskapleg tilsette prioriterer publisering i godkjende kanalar nasjonalt og internasjonalt og har ein plan for forskning og publisering.

Forskningspubliseringa ved instituttet har høg fagleg kvalitet. Open tilgang og publisering i akkrediterte kanalar er viktige verkemiddel for å nå dette målet.

LLE samarbeider med Universitetsbiblioteket, fakultetet og andre avdelingar om

utvikling og forvaltning av forskingsressursar og annan infrastruktur i lys av fakultetets arkiv- og samlingsstrategi. LLEs fagmiljø er ei fagleg drivkraft i utviklinga av desse ressursane.

LLE støttar internasjonalt forskingssamarbeid, forskingsopphold i utlandet og mottak av internasjonale gjesteforskarar.

b) Forskerutdanning

- *Mål: tilby forskerutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid*

LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar.

LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.

Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.

Instituttet oppmuntrer til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.

Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.

LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.

c) Utdanning

- *Mål: tilby undervisning og veiledning av høy kvalitet som gir godt læringsutbytte, som gir studentene mulighet til å gjennomføre på normert tid og som fremmer rekrutteringen av motiverte studenter.*

Den faglige variasjonen på LLE gir studentene anledning til å forstå seg selv som humanistiske fagpersoner og til å oppleve seg som en del av det kunnskapsmangfoldet humaniora representerer.

Kandidatar fra LLE skal ha et bevisst forhold til kunnskapene og ferdighetene de har tilegnet seg i studiet og hvordan disse kan utnyttes i ulike yrkessammenhenger etter endt utdanning.

Undervisninga ved LLE er forskingsbasert og blir gjennomført i samsvar med fagenes beste tradisjoner.

Instituttet støtter alle fagmiljø og vil drifte undervisningsaktiviteter på en solidarisk og utjevnende måte.

LLE støtter tverrfaglig undervisningssamarbeid for å gi studentene et rikere pedagogisk og faglig læringsmiljø.

LLE vil styrke lektorutdanninga i tråd med overordna satsinger.

LLE vil styrke praksisopplæringa i bl.a. lektorutdanninga og emner av typen Praktisk informasjonsarbeid og legge til rette for god organisering av fagrelevant praksis.

Arbeidet for økt inn- og utreise av studenter ved LLE intensiveres.

Etter- og videreutdanning (EVU) er høyt prioriterte aktiviteter på LLE.

LLE forvalter opplæringstilbudet i norsk for utenlandske studenter og ansatte på oppdrag fra UiB sentralt, og ser dette oppdraget som faglig viktig og naturlig.

LLE har fag med emnetilbud på engelsk og støtter utvikling av denne porteføljen.

d) Formidling og samfunnskontakt

- *Mål: opprettholde og styrke instituttets sterke tradisjon for utoverrettet formidlingsarbeid og samfunnsengasjement*

Ved LLE er formidling ofte en integrert del av forskningsvirksomheten.

LLE vil legge forholdene til rette for samarbeid mellom fagmiljøer og relevante aktører i skole, offentlig forvaltning, næringsliv og organisasjoner.

LLE støtter opp om utvikling av lærebøker, redaksjonelt og edisjonsfilologisk arbeid og betrakter dette som viktige nasjonale og internasjonale oppgaver hvor forskning og formidling går hånd i hånd.

Fagmiljøene ved LLE forvalter kunnskaper om litterære, språklige og estetiske former som formidles gjennom publisering, konferanser og deltaking i samfunnsdebatter på mange områder og i ulike typer media.

LLE arbeider for å styrke instituttets tradisjoner for popularisering, medierettet skriftlig og muntlig formidling, deltaking i alumnusarbeid, universitetets forskningsdager og Faglig-pedagogisk dag.

LLE arbeider målretta med å profilere instituttets faglige aktiviteter gjennom nye teknologiske kanaler og medier.

e) Administrasjon, personal, HMS

- *Mål: LLE er en arbeidsplass prega av respekt, inkludering og trivsel.*

LLE arbeider mot diskriminering og for økt kjønnsbalanse i alle grupper av både fast og midlertidig ansatte.

Ansatte og studenter ved LLE opplever at instituttet blir styrt gjennom reelle demokratiske prosesser og at det er prega av en inkluderende og respektfull holdning.

Studenter og ansatte kan påvirke sitt eget arbeidsmiljø. Alle kan fritt fremme kritikk av instituttets styrende organer.

Systematisk HMS-arbeid og lav terskel for kontakt med instituttledelsen er viktig for LLE.

Det er god kvalitet på de administrative tjenestene ved LLE. Instituttet arbeider systematisk for å effektivisere og strømlinjeforme funksjoner og rutiner og på samme tid ivareta kvaliteten på tjenestene.

De ansatte får nødvendig opplæring i faglige og administrative system og verktøy, for eksempel MittUiB, slik at de kan utføre sine arbeidsoppgaver på en god måte.

V Iverksetting og oppfølging

På grunnlag av den strategiske planen for LLE 2016–2022 skal det utarbeides konkrete handlingsplaner på de ulike områdene som planen omfatter.

Hvert fagmiljø er oppfordret om å utvikle sine fag gjennom strategisk tenkning innenfor rammene av denne strategiske planen.

(Versjon 08.03.17)